



Den siste mjelkebilan til Arne Myklebust fotografert ein del år etter den var teken ut av bruk. Er det nokon som veit kor det er blitt av denne bilen?

Arne Myklebust og lastebilane hans var eit kjent og viktig element her i bygda i fleire tiår for rundt eit halvt hundreår sidan. No er Einar Gjertsen i gang med eit arbeid for å laga ein oversikt rundt historien til bilane som Arne hadde. Einar har alt samla mykje godt stoff, men han treng hjelp frå alle som har opplysningar, for å få det fullstendig.

Einar Gjertsen ønskjer å vita bilmerke, talet på bilar og tidsrommet Arne hadde dei. Ja, han ønskjer eigentleg alle relevante opplysningar; - alt frå registreringsnummer til kven som var sjåførar på bilane.

Han er svært interessert i foto av dei ulike bilane, og historie knytt til dei.

Krigshistorien og det som skjedde april dagane i 1940, er og av stor interesse.

Einar seier at han blir svært glad for alle tips som kan hjelpa han i arbeidet. Han set også pris på tips om personar som kan vita noko. Tipsa tar han i mot på mail: einar.gjertsen@gmail.com og på mobiltelefon 901 90 948.

Gjertsen er svært spent på kva som måtte vera av kunnskap og illustrasjonar om emnet rundt om i bygda. Han håpar mange kontaktar han.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Harald Sætre